

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
096/2014	Formannskapet i Radøy	PS	18.12.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/3345	14/13479

Strategi for innfartsparkering i Bergensområdet - høyringsvar til Hordaland fylkeskommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune har merknadar til framlegg til «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» og vil komme med følgjande uttale:

Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til strategi ser ut til å vere eit gjennomarbeidd dokument tufta på konkrete opplysningar og statistikk om trafikk og val av trafikkløysing for dei reisande. Radøy kommune har mange arbeidspendlande inn mot Bergensområdet og ser dette som eit viktig arbeid.

Radøy kommune vil be om at området vert utvida slik at Radøy vert teken med. For å få fleire til å nytte kollektivtransport bør det etablerast parkering langs hovudvegen over Radøy rv 565, gjerne ved Austmarka eller Storheimstø, og ved kollektivknutepunktet på Manger.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune har fått framlegg til «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» på høyring frå samferdsleavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Høyringsfrist er satt til 31.12.2014.

Me er beden om særleg å komme med innspel til dei sentrale prinsippa:

- Overordna plassar
- Geografisk plassering
- Sambrukanlegg
- Brukarbetaling
- Leige eller eige

Vurdering

Sentralt for arbeidet har vore deltaking i Transnova sitt prosjekt i regi av Transportøkonomisk Institutt (TØI): *Optimalisering av innfartsparkering som klimatiltak*, som har resultert i ein eigen rapport om innfartsparkering for Hordaland.

Fylkesutvalet gjorde i 2011 vedtak om å setje ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe for innfartsparkering, og utarbeide ein offensiv strategi for innfartsparkering. Det er på eit fagleg

grunnlag utarbeidd eit forslag til strategidokument for innfartsparkering. Dette dokumentet vil bli følgt opp gjennom egne prosessar med kommunane og dei årlege plan- og byggeprogramma, samt i handlingsprogrammet for kollektivstrategi for Hordaland frå 2016. Strategien skal og vere eit innspel til arbeidet med Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

Innfartsparkering er eitt av fleire tiltak som skal bidra til å auke talet på kollektivreisande og vil vere med på å nå dei felles overordna måla om at veksten i persontransporten skal handterast med gange, sykling og kollektivtransport som er nedfelt i Nasjonal transportplan 2014-23 (NTP) og Regional transportplan 2013 – 2024 (RTP). I tillegg er det i RTP sett som eit mål at det skal vere nullvekst i privatbilismen for Bergensområdet (12 kommunar).

Samla sett er det i dag omlag 2500 innfartsparkeringsplassar i Bergensområdet fordelt på 19 overordna innfartsparkingsanlegg.



Figur 1. Innfartsparkering dagens situasjon (kjelde: TØI)

Parkeringsplassane i Kvarvik har høgt belegg slik at det her kan vere rom for ein auke i tal

plassar.

Hordaland fylkeskommune ser innfartsparkering i samanheng med tilbod om kollektivtransport. Kommunesenteret Manger er kollektivknutepunkt i fylket og burde ha vore med i vurderingane. Det er ei ulempe at folk frå Radøy må køyre til Knarvik for å reise vidare kollektivt. Mange kunne ha gått på bussen lenger ute. På Manger er det rom for etablering av parkeringsplassar både for bil og sykkel. Det bur i overkant av 1000 menneske på Manger, her er handelsverksemd, legetilbod, kyrkje, skular, folkehøgskule, symjehall, idrettsanlegg og fritidsaktivitetar.



Det er regulert ny hovudveg over Radøy der det er lagt inn små «park-and-ride»-plassar. Mens ein ventar på ferdigstilling av ny rv 565 kan det enkelt etablerast små parkeringsplassar. Rådmannen ser at fylkeskommunen ikkje vil gå inn for å etablere mange nye små plassar, men slik rådmannen vurderer det burde det i alle fall ha vore 1 på Manger og 1 langs hovudvegen, kan hende ved Austmarka eller Storheim. Dette og for å avlaste trafikken i Alversund-Knarvik-området.

Hovudvegen over Radøy går vidare til Austrheim og Fedje og mange nyttar denne dagleg til og frå arbeid eller for andre gjeremål.

Parkeringsplassar på Manger vil styrke handel og bruk av tenester og kulturtilbod. Austmarka-Storheim kan ha nytte av parkeringsplassar og i samband med utøving av friluftsliv.

Som finansiering av parkeringsplassane har fylkekommunen vurdert mange alternativ; brukarbetaling kopla til bruk av kollektivtransport, brukarbetaling per faktisk bruk, differensiert kostnad etter sentral beliggenhet og etter «rusetid» eller ikkje. Det vert peika på at det mange stader er naturleg å inngå spleiselag med lokale aktørar og kommunane der fleire vil ha gevinst ved å få utvida parkeringstalet.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at vegeigarprinsippet og gjeld for innfartsparkering. Dette betyr at fylkeskommunen har ansvar for innfartsparkering som ligg til fylkesveg og annan fylkeskommunal infrastruktur. Innfartsparkeringane vil i stor grad ligge i tilknytning til fylkesveg, men det må takast med i vurderinga kva veg innfartsparkering reelt er meint å avlaste.

5.1 Mål for innfartsparkering

Fylkeskommunen sitt ansvarsområde for innfartsparkering omhandlar overordna plassar, som inngår i ein samla transportstrategi for Bergensområdet, der parkering sjåast i samanheng med overordna rutestruktur og hovudvegnettet i regionen:

- Vidare utvikling av innfartsparkeringstilbodet vert basert på observert etterspurnad og utvikling i folketalet.
- Overordna plassar er hovudsakeleg retta mot rushtidsbaserte arbeidsreiser med bil mot Bergen.
- Reine innfartsparkeringsanlegg skal etablerast utanfor lokalsentra, køstrekingar og bomsnitt.
- Innfartsparkering skal ikkje fortrenge framtidig byutvikling.
- Kollektivtilbodet må ha høg frekvens inn mot byområdet. Frekvensen vil variere etter kvar i byområdet ein er.
- Vidareutvikling av innfartsparkeringstilbodet skal fokusere på færre, og større anlegg med høve til utviding.

- Sambruksanlegg må hovudsakeleg etablerast i sentrområder, men må samstundes vere basert på eit reelt behov for innfartsparkeringsplassar.
- Brukarbetaling kan sikre betre balanse mellom tilbod og etterspurnad, og i tillegg bidra til delfinansiering av ei satsing på innfartsparkering.
- God kapasitet på sykkelparkering.



Fylkeskommunen peikar på at det skal planleggjast for ny kollektivterminal og innfartsparkering på Flatøy. Det er satt av areal i Isdalstø i samband med planlegging av ny tunnell og det kan vere aktuelt å leggje parkering i nytt p-hus i Knarvik sentrum.

Rådmannen i Radøy vurderer satsinga som lite framtidsretta då Knarvik sentrum per i dag har mykje trafikk og få parkeringsplassar og det er uheldig å nytte sentrumsareal til parkering for pendlarar som berre skal vidare. For å veie opp bør Radøy vere med og aktuelle tiltak kan gjerast lokalt og langs tilførselsveg til Knarvik.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til strategi ser ut til å vere eit gjennomarbeidd dokument tufta på konkrete opplysningar og statisikk om trafikk og val av trafikkløysing for dei reisande. Radøy kommune har mange arbeidspendlande inn mot Bergensområdet og ser dette som eit viktig arbeid.

Slik rådmannen vurderer det bør Radøy kommune be om at området vert utvida slik at Radøy vert teken med i arbeidet og får del i ei positiv satsing på auka bruk av kollektivtransport. For å få fleire til å nytte kollektivtransport bør det etablerast parkering langs hovudvegen over Radøy rv 565, gjerne ved Austmarka eller Storheimstø, og ved

kollektivknutepunktet på Manger.

Formannskapet i Radøy - 096/2014

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

FS - vedtak:

Radøy kommune har merknadar til framlegg til «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» og vil koma med følgjande uttale:

Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til strategi ser ut til å vera eit gjennomarbeidd dokument tufta på konkrete opplysningar og statistikk om trafikk og val av trafikkløysing for dei reisande. Radøy kommune har mange arbeidspendlande inn mot bergensområdet og ser dette som eit viktig arbeid.

Radøy kommune vil be om at området vert utvida slik at Radøy vert teken med. For å få fleire til å nytta kollektivtransport bør det etablerast parkering langs hovudvegen over Radøy rv 565, gjerne ved Austmarka eller Storheimstø, og ved kollektivknutepunktet på Manger.

Vedlegg:

Høyrings sak - Strategi for innfartsparkering - frist 31.12.2014

GetDoc

Høyrings sak

Strategi. Høyringsutkast

Vedlegg 1. Spørreundersøking

Vedlegg 2. Brukarbetaling